

Økonomiplan 2019-22



Framlegg frå rådmannen
mai 2018



RADØY
den grønne øya



Tryggleik, trivsel og livskvalitet for alle

Føresetnader for økonomiplanen - felles for kommunane Lindås, Meland og Radøy

Økonomiplanen for 2019-22 er basert på gjeldande økonomiplan for 2018-21 og planlagde budsjettreguleringar for 2018. Økonomiplanen ikkje bindande, men er retningsgjevande for drift og investeringar i perioden.

I og med den vedtekne kommunesamanslåinga representerer tala for 2020-2022 ein tenkt situasjon der var kommune held fram som sjølvstendig kommune. Dette fører til at til dømes inntektene av eigedomsskatt i Meland og Radøy ikkje er realistiske. Økonomiplanane er likevel i samsvar med kommunelova. Tilsvarande er til dømes kostnadene til politisk nivå heller ikkje realistiske. Ved konsolidering av økonomiplanane for Lindås Meland og Radøy til Alver, vert det korrigert for slike «urealistiske» tal.

Fellesnemnda gav i møte 15.01.2018 følgjande uttale om arbeidet med økonomiplanen:

- Fellesnemnda meiner at kommunane sine investeringar i perioden fram til 2020 er i samsvar med dei avtalte målsetjingane for den nye kommunen
- Fellesnemnda meiner at dei vedtekne investeringane fram til 2020 er i samsvar med framtidige behov for tenester og at investeringane er på eit økonomisk forsvarleg nivå for den nye kommunen.
- Fellesnemnda ønskjer at kommunane bruker felles og like føresetnader for økonomiplanarbeidet for 2019-2022. Dette gjeld mellom anna folketalvekst, renteutvikling og eigedomsskatt frå 2020.
- Fellesnemnda ønskjer at kommunane i størst mogleg grad koordinerer arbeidet med økonomiplanane med omsyn på:
 - Investeringar og behov i Alver kommune
 - Gebyr- og betalingssatsar
 - Fellesnemnda ønskjer at kommunane avgrensar bruken av uspesifiserte innsparingar.

Rådmennene i Lindås, Meland og Radøy har samkjørt føresetnadene for økonomiplanen så langt det let seg gjera. Dette inneber:

- Folketalvekst vert føresettt å følgja landsnivå. Mogelege avvik skal gå direkte fram av kvar kommune sin økonomiplan.
- Framtidig rentenivå er det same i dei tre kommunane, og i samsvar med Kommunalbanken sitt framlegg til førebels budsjettrente av 7. mai 2018
- Avdragsprofilane i kommunane er ikkje like. Radøy følgjer fylkesmannen sitt tilrådde nivå på 3,5%. Lindås nyttar 30 års nedbetalingstid (svarar til 5,5%)
- Skatt og rammetilskot er basert på siste utgåve av KS sin modell for utrekning av skatt og rammetilskot.
- Gebyrsatsane vert føresettt vidareført for kvar kommune, med sitt utgangspunkt. Samordning av gebyr blir eit eige prosjekt.
- Eigedomsskatt vert vidareført med kvar kommune sine føresetnader for åra 20-22. For Meland og Radøy skal det gå fram av økonomiplanen kor stor del av eigedomsskatten som gjeld bustader.
- Det skal gå fram av økonomiplanen for kvar kommune kor store innsparingar som må til for å levera tilfredsstillande økonomisk resultat i økonomiplanperioden, dvs minst 1,7% netto driftsresultat. Kvar kommune arbeider vidare for å spesifisera aktuelle innsparingar på tenestenivå, fram til endeleg budsjetthandsaming.
- Konsolidering av økonomiplanane til ein plan for Alver vert gjort etter at kvar kommune har vedteke sin økonomiplan. Konsolidert økonomiplan for Alver skal vera klar før ordinær handsaming av budsjett for 2019 i kvar kommune

I kommuneproposisjonen som vart lagt fram 15.05.2018, går det fram at realveksten for 2019 vert på mellom 0,7 og 0,9 prosent, basert på inntektsnivået for 2018 i revidert nasjonalbudsjett. Veksten kan bli endra, dersom den faktiske utviklinga i 2018 blir annleis enn føresettt.

Det er også varsla at kommunane i 2018 blir tildelt inntekter frå vekst i oppdrettsnæringa, på ca 2,4 mrd totalt. Dette er eingongsinntekter, som også gjer sitt til at veksten frå 2018 til 2019 vert redusert. Rådmannen legg førebels ikkje inn noko påreknna inntekt, då fordelinga mellom kommunane ikkje er kjent.

Redusert vekst i folketalet både i Radøy og nasjonalt gjer at meirutgifter grunna demografiutviklinga vert lågare enn føresettt. Nye utrekningar vert lagt fram i samband med statsbudsjettet til hausten.

Det er vidare varsla at pensjonskostnadene kjem til å auka meir enn det som vert kompensert gjennom inntektsystemet.

Skjønsmidlane som vert fordelt av fylkesmennene vert også redusert noko for 2019.

I kommuneproposisjonen vert det også peika på at kommunane har potensiale for effektivisering. Samla sett peikar dette på ei innstraming i kommuneøkonomien i 2019.

Eigedomsskatten er i tala vidareført slik den er i 2018, med «normal» årlig tilvekst av nye bygg. Det er politisk vedteke at eigedomsskatt på bustader i Alver kommune skal falla vekk frå 2020, men dette er ikkje innarbeidd i tala for Radøy. Eigedomsskatt på bustader og fritidsbustader er lagt inn i budsjettet slik:

(tal i heile tusen)

2019	8 859
2020	9 126
2021	9 216
2022	9 306

Andre generelle statstilskot gjeld integreringstilskot flyktingar, eit visst

Økonomiplan skjema 1A

Tal i heile tusen	R 2017	2018	2019	2020	2021	2022
Skatt på formue og inntekt	(119 973)	(120 601)	(121 757)	(121 757)	(121 757)	(121 757)
Rammetilskot	(166 287)	(170 058)	(172 276)	(169 506)	(169 301)	(169 312)
Eigedomsskatt	(15 191)	(15 197)	(15 197)	(15 464)	(15 554)	(15 644)
Andre generelle statstilskot	(14 687)	(16 375)	(12 999)	(11 187)	(10 114)	(8 727)
Sum frie disponible inntekter	(316 138)	(322 231)	(322 229)	(317 914)	(316 726)	(315 440)
Renteinntekter og utbyte	(5 315)	(4 987)	(3 959)	(3 862)	(3 794)	(3 735)
Renteutgifter og andre finansutgifter	5 189	5 767	7 658	9 911	10 399	10 567
Avdrag på lån iht låneoversyn	8 926	9 015	10 481	12 703	13 922	14 259
Netto finansinntekter/-utgifter	8 800	9 795	14 180	18 752	20 527	21 091
Til dekk av rekneskapsm. meirforbruk tidl. år						
Avsetjing til fond						
Bruk av bundne og ubundne fond		-				
Netto avsetjingar	-	-	-	-	-	-
Til fordeling drift	(307 338)	(312 436)	(308 049)	(299 162)	(296 199)	(294 349)
Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)	299 643	310 476	307 282	299 707	292 418	284 157
Meirforbruk (mindreforbruk)	(7 695)	(1 960)	(767)	545	(3 781)	(10 192)

Økonomiplan skjema 1B

Tal i heile tusen	R 2017	2018	2019	2020	2021	2022
Stab og politisk	19 739	20 138	20 248	19 733	19 538	18 947
Oppvekst	113 075	121 680	122 430	119 981	117 581	115 229
Helse og omsorg	131 743	133 098	131 129	128 357	124 891	121 045
Drift og forvaltning	35 085	35 561	33 475	31 636	30 408	28 936
Reguleringspostar	-	-	-			
Til skjema 1A	299 643	310 476	307 282	299 707	292 418	284 157

tilskot frå havbruksfondet og ulike rentekompensasjonsordningar. Det er lagt til grunn 10 nye flyktingar kvart år.

Det er lagt til grunn vidareføring av aksjeutbytte frå BKK med 2,9 mill kvart

år. I 2018 har vi fått 1 mill meir enn dette, men rådmannen legg til grunn tidlegare notat frå styret i BKK om pårekna utbyttegrad i åra framover.

Som følgje av betydelege investerin-


gar, først og fremst ny barnehage på Bø og kjøp og oppgradering av Solhall, vil kostnadene til renter og avdrag auka mykje i åra som kjem. Dette gjer at kommunen sin økonomiske handlefridom vert sterkt redusert i åra som kjem.

Netto finansutgifter, dvs rente og avdragsutgifter minus renteinntekter og utbyte, aukar frå 9,9 mill i 2018 til 22,43 mill i 2022.


Ein del av rente- og avdragskostnaden er knytt til VA-investeringar, og desse skal i utgangspunktet ikkje ha verknaad på drifta i kommunen. Dette vert kompensert i økonomiplanmodellen, slik at auka renter og avdrag har motpostar i form av netto bidrag på VA-områda i skjema 1B.

Diagrammet til venstre syner utviklinga av netto lånegjeld iht samla pårekna driftsinntekter. Auken er sterk frå knapt 60% i 2017 til over 100% i 2022. Rådmannen er sterkt i tvil om

Netto lånegjeld i % av driftsinnt.



Normalgebyr ekskl. mva.



Gebyr for sjølvkostområda vatn, avløp og slam går fram av diagrammet til venstre. I 2018 og 2019 ligg dei samla gebyra lågt, for å gjera opp sjølvkostfond som er bygde opp på desse områda. Dette fører til at dei samla gebyra går etter måten mykje opp frå 2020. Det er særleg avløpsgebyret som aukar, grunna utbygging av nytt reinseanlegg på Manger. Det vert etablert eige prosjekt for å sjå på samordning av gebyra i Lindås, Meland og Radøy frå 2020.

kommunen har økonomisk evne til å takla eit så høgt rentenivå.

Ser ein på drifta i skjema 1B, må det gjerast betydelege innsparingar i drifta frå 2020 for å få ein økonomiplan i balanse, og med tilnærma tilstrekkeleg handlefridom.

Tabellen nedanfor syner kva innsparingar som må gjerast kvart år

(tal i heile tusen)

2019	0
2020	7 575
2021	7 289
2022	8 261

Samla trong for innsparing i økonomiplanperioden blir 23,1 mill, noko som svarar til rundt 35 årsverk.

Rådmannen tek førebels ikkje stilling til om det er realistisk å få til slike innsparingar, jfr felles merknader til budsjettet.

Investering

Investeringsbudsjettet i økonomiplanperioden er i hovudsak vidareføring av økonomiplanen for 2018-21.

Det er ikkje lagt inn driftsverknader av ny småbarnsavdeling ved Austebygd skule, jf. eig orientering til formannskapet kring dette prosjektet.

Oppfølging bustadsosial handlingsplan er noko redusert iht førre økonomiplan.

Bygging av RIB er flytta eitt år ut i tid, slik at berre prosjekteringsmidlar ligg inne i planen.

Kostnadene til oppgradering av Solhall ser ut til å bli høgare enn tidlegare tenkt, og det er difor lagt inn ein auke på 12 mill i 2020.

Det er også lagt inn noko auke løyving itl Brannstasjonen i 2020, men det må enno gjerast omfattande utgreiingsarbeid før ein kan landa ei god løysing. Estimater er såleis svært uvisst.

Økonomiplan skjema 2A

Tal i heile tusen	R 2017	2018	2019	2020	2021	2022
Investeringar i anleggsmidlar	24 761	81 530	88 500	57 750	25 950	25 850
Utlån og forskutteringar	1 325	-	-	-	-	-
Kjøp av aksjar og andelar	1 246	1 285	1 356	1 435	1 500	1 500
Avdrag på lån	3 147	3 014	2 952	2 886	2 578	2 171
Trong for finansiering i året	30 479	85 829	92 808	62 071	30 028	29 521
Bruk av lånemidlar	(19 334)	(68 735)	(75 897)	(49 267)	(25 267)	(24 972)
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	(18)					
Tilskot til investeringar						
Mva -kompensasjon investering	(3 322)	(9 795)	(12 353)	(8 483)	(683)	(585)
Mottekne avdrag på utlån og ref	(7 540)	(3 014)	(2 952)	(2 886)	(2 578)	(2 171)
Andre inntekter	(48)					
Sum ekstern finansiering	(30 263)	(81 544)	(91 202)	(60 636)	(28 528)	(28 021)
Overført frå drift						
Bruk av avsetjingar	(216)	(4 285)	(1 606)	(1 435)	(1 500)	
Sum finansiering	(30 479)	(85 829)	(92 808)	(62 071)	(30 028)	(28 021)
Udekket/udisponert	-	-	-	-	-	-

Økonomiplan skjema 2B

Prosjekt	Sum 2018 - 2022	R 2017	2018	2019	2020	2021	2022
Utskifting av bilar	2 500	439	500	500	500	500	500
Radøyhallen oppgraderingar	2 900	1 834	1 900	1 000			
Kyrkja	6 000	350	5 000	250	250	250	250
IKT Nh inv	300	-	300				
Mindre investeringar	5 500	1 457	1 500	1 000	1 000	1 000	1 000
Uteområde Hordabø skule	300		300				
Utstyr gymsal Manger skule	300		300				
Manger skule utviding	2 000		2 000				
Sæbø skule uteområde	1 000	82	1 000				
Radøy ungdomsskule, oppgrad	800		800				
Rådhus/kulturhus/kino	10 000			5 000	5 000		
Austebygd barnehage, inkl uteområde	6 500	76	3 000	3 500			
Ny barnehage Bø	52 000	738	5 000	47 000			
Vognskur Sæbø barnehage	230		230				
Velferdssenteret oppgradering	1 000	719	1 000				
Oppfølg bustadsosial handplan	22 500		500	12 000	10 000		
Oppgrad omsorgsbustader	6 000		4 000	2 000			
Ny RIB	3 000						3 000
Digitalisering byggesaksarkiv	1 100		1 100				
Turveg/lysløype Manger	2 600	246	2 600				
Prestegarden/hagen/tingstova	2 000	-	2 000				
Helsehuset	-	1 500					
Kommunale bustader	-	2 500					
Solhall kjøp og oppgradering	41 000	1 006	21 000		20 000		
Brannstasjon	16 200		200	1 000	15 000		
Vassprosjekt iht plan	55 300	4 931	7 500	11 500	1 400	19 100	15 800
Avløpsprosjekt iht plan	30 400	236	18 000	1 400	2 600	3 100	5 300
Brannvernustyr	200	163	100	100			
Parkeringplass Marøy	250			250			
Kommunale vegar asfaltering	-	5 000					
Tiltak iht trafikksikringsplan	8 000	-	2 000	2 000	2 000	2 000	
Sum investering	279 880	27 678	81 830	88 500	57 750	25 950	25 850

